

---

**Fra:** Hanne Espe <Hanne.Espe@hfk.no>  
**Sendt:** mandag 11. november 2019 14:43  
**Til:** Kommunane i Hordaland - Alle; Sverre Jokstad; Stine Emilie Konradsen; Kari Torkildsen Utkilen; Anita Soltveit; Ronny Lockert; birgitte.roksund@bergen.kommune.no; ekn@bomlo.kommune.no; bmv@eidfjord.kommune.no; liv.kari.bodtker@etne.kommune.no; morten.odeen@etne.kommune.no; Øyvind Tolleshaug; bente.bjelland@fitjar.kommune.no; ivar.einarsen@fjell.kommune.no; linn-christin.torgersen@fjell.kommune.no; Erik Vangsnes; Olav Seim; arnlun@jondal.kommune.no; jone@kvam.kommune.no; reidun.kjosas@kvam.kommune.no; kristian.helgesen@kvinnherad.kommune.no; Atle Vaage; Frank Kvinge; Eirik Bouwer Utne; Ove Sæbø; Erik Vollmer; Rolf Bøen; tle@os-ho.kommune.no; Grete Birkelid; Bente Kopperdal Hervik; Meline Heimdal Haugland; Sylve Rusten; britt.t.skaga@sund.kommune.no; Marit Liknes; Vibeke Stoltz; elin.myran@ullensvang.herad.no; anne.marit.lekve@ulvik.kommune.no; Magne Rønning Eikeland; Nils.F.Kvamme@voss.kommune.no; chmo@oygarden.kommune.no  
**Kopi:** Rune Åland  
**Emne:** Dagsturhytter i Hordaland - oppdatert informasjon

## Hei

Først vil vi takke dei som deltok for ein fin studietur til Gloppen og Nordfjordeid sist veke. Det vart ein lang og innhaldsrik dag, med mykje god kunnskap. Til inspirasjon og motivasjon.

Denne eposten vert sendt til alle kontaktpersonane på vårt fagområde i kommunane og til postmottak. Det er fint om de sender vidare til ordførar og ev. andre aktuelle mottakarar.

## Litt informasjon til alle kommunane.

For å vere med i prosjektet frå 2019, treng vi ein søknad og eit politisk vedtak innan 15. desember. Vi veit at det er fleire av kommunane som er godt i gang med dette, og dei første vedtaka er truleg allereie på plass. Dei økonomiske rammene for 2020 og 2021 er svært stramme, og det er ingen garanti for at prosjektet vert ført vidare etter 2019. Difor er det eit viktig signal at det er stor interesse, og at vi får søknad frå ti kommunar innan 15. desember slik at vi kan dele ut dei to millionane som er løyvd for inneverande år.

## Punktliste som kommunane må ta stilling til.

I tillegg til vedtak er det ønskjeleg at kommunane har gjort seg nokre tankar om dei ulike punkta på lista under. Dette er ei liste som vi, i vår politiske sak, presenterte som element som kvar kommune må ta stilling til. Punkta er av ulik prioriteringsgrad. Nokre stader seier vi «ønskjeleg» og andre stader står det «må». Det er naturleg at ikkje alle punkt kan vere klart til søknadsfristen, og vi ser for oss ein tett dialog med kommunane og kommunane seg imellom om ulike løysingar lokalt. Det er tilstrekkeleg at søknaden viser at kommunane har teke lista til etterretning. Dersom plassering, avtale om drift og anna likevel er på plass, er det berre ein fordel å informere om dette i søknaden.

## Kontaktpersonar

Vi oppmodar til å ta kontakt med dei som var med på studieturen, og med oss i fylkeskommunen.

## Dette må kommunane ta stilling til i prosjektet 2019-2021;

- Prosjektet må planforankrast i kvar kommune for å kunne søkje om spelemidlar.
- Sanitæranlegg vert tilrådd knytt til dei hyttene der ein i samråd med kommunen ser det vil bli eit behov.

- Det er ønskjeleg med eit bibliotek i hyttene og ein plan for ulike arrangement.
- Opparbeiding av turløyper til hyttene, og merking og gradering av desse må vere ein del av lokal prosjektplan.
- Det er ønskjeleg å knytte kulturminne til dagsturhyttene der det ligg til rette for dette.
- Det er ønskjeleg med brei medverknad i høve prosessane kring plassering, opparbeiding og drift.
- Nokre av hyttene bør vere universelt utforma.
- Plakettar med logo skal vere i følgje mal utarbeidd av fylkeskommunen; vere smakfulle i storleik og ha med namn på kommunen, i tillegg til dei som er med å finansiere og ev. andre aktørar som medverkar til oppføringa.
- Hytta bør plasserast sentrumsnært, nær skule el.l. og med mogleg tilkomst via kollektivtilbod. Det bør vere maks 15 min. kjøring frå sentrum.



Øvst t.v. Linn Therese Erve, ordførar Sveio, Marit Liknes, rådgjevar kultur Sveio, Rune Åland, idrett og friluftsliv Hfk, Karin Thauland, næringsrådgjevar Kvinnherad, Torstein Mehus, avd.leiar kommunalteknisk avd. Vaksdal, Hege Eide Vik, ordførar Vaksdal, Hilde Enstad, varaordførar Kvinnherad, Hanne Espe, idrett og friluftsliv Hfk, Helge Berset, kommunalsjef Vaksdal, Sylve Rusten, rådgjevar idrett og friluftsliv Stord, Atle Skrede, rådgjevar nærings- og kulturavdelinga Sfffk. Os og Modalen kommunar var også påmeldt, men vart dessverre hindra frå å delta. Bilete er frå Draumekvila, dagsturhytta i Gloppen kommune.

## Hanne Espe

Spesialrådgjevar

Kultur og idrettsavdelinga | Idrett og friluftsliv



Tlf: 48 99 12 72

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no) | [www.facebook.com/aktivkvardag](https://www.facebook.com/aktivkvardag)